

**KONTROLLUTVALET I  
NORDDAL KOMMUNE**

**MØTEBOK**

Møtedato: 1. desember 2016  
Møtestad: Rådhuset kl. 12.30

Møtet vart leia av: Gudmund Relling.

Elles til stades: Solveig Linge Stakkestad og Kjell Reidar Hoel

= **3 voterande**

Frå kontrollutvalsekretariatet møtte dagleg leiar Harald Rogne.  
Frå kommunerevisjon møtte dagleg leiar Kjetil Bjørnsen.  
Frå Norddal kommune møtte økonomisjef Anne Nygård.

Det var ingen merknader til innkalling eller sakliste.

Eit forslag til plan for forvaltningsrevisjon vart delt ut i møtet. Det er meininga å behandle den i neste møte.

Det vart meldt inn eit tema under eventuelt.

**SAK 18/16  
GODKJENNING AV MØTEBOK FRÅ MØTE 13. OKTOBER 2016**

**Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Møtebok frå møte 13. oktober 2016 blir godkjent. Møtedato blir å rette.

**SAK 19/16  
VEDKOMANDE PRAKTISERING AV ANBODSPRINSIPPET, JF. SAK 16/16**

Saksdokument datert 22.11.2016 frå kontrollutvalsekretariatet

**Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet tek saka til orientering.

**SAK 20/16**  
**KONTROLLUTVAL/SEKRETARIAT, REVISJON OG**  
**KOMMUNESTRUKTURREFORMEN**

Saksdokument datert 22.11.2016 frå kontrollutvalsekretariatet

**Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet tek saka til orientering.

**SAK 21/16**  
**REKNESKAPSRAPPORT PER AUGUST 2016**

Saksdokument datert 22.11.2016 frå kontrollutvalsekretariatet  
Økonomisjef Anne Nygård orienterte.

**Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

1. Kontrollutvalet vil understreke kor viktig det er at rådmannen opprettheld fokuset på økonomistyringa.
2. Kontrollutvalet tek saka til orientering

**SAK 22/16**  
**VEDKOMANDE BUDSJETT 2017 – NORDDAL KONTROLLUTVAL**

Saksdokument datert 22.11.2016 frå kontrollutvalsekretariatet

**Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet sitt budsjett til kurs og reiseaktivitet blir sett til kr 30.000,00.

**SAK 23/16**  
**PÅMELDING TIL KONTROLLUTVALKONFERANSEN 2017**  
(Saka kom opp under eventuelt)

Dagleg leiar står for eventuell påmelding. Flybillett blir å kome tilbake til dersom den ikkje blir ordna av Norrdal kommune.

**Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Kjell Reidar Hoel blir påmeldt konferansen. Dersom fleire skal meldast på, blir dette å kome tilbake til.

Gudmund Relling  
leiar  
(sign.)

Solveig Linge Stakkestad  
medlem  
(sign.)

Kjell Reidar Hoel  
medlem  
(sign.)